



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, lovavdelinga
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	12/01028-2	Sara Eline Grønvold	008;O;H	6.12.2012

Høyring - NOU 2011: 16 Standardisert personskadeerstatning

Barneombudet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Vi skal særleg fylgje med på at lovgjevinga til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei forpliktingane Noreg har etter FNs konvensjon om barn sine rettar.

Barneombudet ser i utgangspunktet positivt på standardiserte løysingar, då desse kan bidra til å gjere sakhandsaminga og utmålinga meir føreseieleg og lik for barn. Når det gjeld dei konkrete utrekningsmodellane, har vi ikkje tatt stilling til desse. Barneombudet støttar forslaget, under føresetnad av at ei standardisering også for dei over 16 år ikkje fører til generelt lågare utbetalingar.

Når det gjeld erstatning for tap av forsørgjar, ser vi positivt på ei standardisering. Når vi dessutan ser at utvalet også går inn for ein «sikkerheitsventil» for dei tilfella der standardisering fører til urimelege økonomiske resultat, stiller Barneombudet seg bak forslaget.

Utover dette har vi ikkje andre kommentarar til høyringa.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Sara Eline Grønvold
rådgevar